



Møre og Romsdal
fylkeskommune
Volda vidaregåande skule

VAL AV FRAMANDSPRÅK TIL Vg1 STUSP1 OG MDMDD1.

Engelsk er obligatorisk for alle på grunnkurs STUSP1 og MDMDD1. I tillegg skal elevane ha eit framandspråk, der skulen har 6 tilbod:

1. Tysk I Begynnarkurs.
2. Tysk II Vidaregåande kurs i tysk for elevar som har hatt fullt tyskkurs i ungdomsskulen.
3. Spansk I Begynnarkurs.
4. Spansk II Vidaregåande kurs i spansk for elevar som har hatt fullt spanskkurs i ungdomsskulen.
5. Fransk I Begynnarkurs.
6. Fransk II Vidaregåande kurs i fransk for elevar som har hatt fullt franskkurs i ungdomsskulen.
(Vi gjer merksam på at FranskI og franskII går saman i ei gruppe).

Elevar som har hatt fullt kurs i framandspråk på ungdomsskulen, kan velje å:

- halde fram på nivå II i sitt fag. Dette kurset går over to år (4 + 4 t/v). Skulen vil rå til at alle som har rimeleg god karakter i nivå I frå ungdomsskulen, vel nivå II. Ved plassmangel vil elevar som er kvalifiserte til nivå II og som vel nivå I i eit nytt språk, bli plasserte på nivå II.
- ta nytt språk nivå I over to år (4 + 4 t/v).

Elevar som ikkje har hatt fullt kurs i framandspråk, **må** ta nivå I og nivå II **over tre år**. Då vi ikkje kan tilby mange språk på Vg3, vil det for elevar som har hatt norsk eller engelsk fordjuping på ungdomsskulen ikkje vere mogleg å velje franskI.

Skulen tek atterhald om at alle grupper vil verte sett i gong, eller at det er plass til alle på dei gruppene det er ønske om. I tilfelle det er for mange på ei gruppe, vil utveljing skje etter inntakspoeng.

Skulen får alle opplysningar frå Vigo-systemet om kva språk eleven har valt, dersom det er ferdig utfylt frå eleven si side.

Dersom det ikkje er fylt ut i Vigo frå eleven si side, eller ein må gjere eit omval, kan ein sende språkvalet sitt på epost til volda.vgs@mrfylke.no innan 01.08.10. (NB! Dette gjeld svært få elevar, dei fleste har svart i Vigo eller slepp å gjere omval).